



Det kongelige Fornyings- og administrasjonsdep.
Postboks 8004 Dep

0030 OSLO

23 JUNI 2008

200800301-228

Vår ref.:
08/9272

Saksbeh.:
BJB

Ark.:
203, &13

Dykkar ref.:

Dato:
23.06.2008

UTTALE TIL NOU 2007:12 OM OFFENTLIG INNKREVIING

Sender vedlagt Sula formannskap sin uttale til NOU 2007:12 om offentlig innkreving.

Med helsing

Britt J. Blindheim
Britt Jorunn Blindheim
økonomisjef

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
03.06.2008	Offentlig innkreving	63611
06.05.2008	Offentlig innkreving - NOU 2007:12 - la staten høre hva kommunene mener	61417
23.06.2008	KS - 23.04 nynorsk.doc	63610

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 95 75
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
6545 05 10011
Skattekonto:
7855 05 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

SAKSFRAMLEGG

Vedlegg
08/301 228

Saksbehandlar: Britt Jorunn Blindheim
Arkivsaksnr.: 08/490 - 4

Arkiv: 203, &13

UTTALE TIL NOU 2007:12 OM OFFENTLIG INNKREVIING

Utval:
Formannskapet

Møtedato:
10.06.2008

Saksnr.:
060/08

Rådmannen si innstilling:

Sula formannskap tilrår ikkje at skatteinnkrevjinga vert innlemma i den statlege innkrevjinga og viser til uttale frå NKKF.

Behandling i Formannskapet 10.06.2008

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F-060/08 Vedtak:

Sula formannskap tilrår ikkje at skatteinnkrevjinga vert innlemma i den statlege innkrevjinga og viser til uttale frå NKKF.

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
03.06.2008	KS - 23.04 nynorsk.doc	63610
06.05.2008	Offentlig innkreving - NOU 2007:12 - la staten høre hva kommunene mener	61417

Edvard Devold

Britt J. Blindheim
økonomisjef

Kommentarar til NOU 2007: 12

Offentleg innkreving

frå

SAMANDRAG AV MERKNADER TIL NOU 2007:12

Fleirtalet i utvalet har gjort framlegg om at det skal opprettast ein statleg innfordringsetat for krava det offentlige har mot privatpersonar og næringsdrivande.

- Vi er ikkje samde i framlegget frå fleirtalet.

Fleirtalet hevdar at framlegget som inneber å overføre oppgåver med skatteinnkrevinga frå kommunane til staten, er "den beste måten" å organisere innfordringa på, men:

- Fleirtalet har ikkje vurdert distriktpolitiske omsyn eller konsekvensar for kommunene, sjå punkt 2.3.7, 9, 10 og 11 under.
- Fleirtalet har sett bort frå standtpunktet til Stortinget om at skatteoppkrevjaren skal være kommunal, sjå punkt 1.2 og 4 under.
- Framlegget inneber at kommunane blir fråtekne oppgåver som er lagt til dei ved lov, og som kan vise til resultater som er mellom dei beste i verda.
- Framlegget fører til at kommunane misser innkrevjingskompetanse og blir svekka i handteringa av sine egne krav.
- I Danmark medførte statleggjinga av skatteinnkrevinga auka skattegjeld og provenytap (skattetap). Det er ingen grunn til å tru at det same ikkje vil skje her. Framlegget vil derfor medføre provenytap og svekka økonomi for ikkje berre kommunane, men også staten og folketrygda.

Fleirtalet har ikkje vurdert problemstillingar om personvern og stigmatisering av enkeltpersonar, men

- Den føreslegne statlege innfordringsetaten får eit sentralt gjeldsregister med oversikt over samtlige skuldnarar med ubetalte krav til det offentlege. Fleirtalet har ikkje sikra ei grundig utgreiing av dei personvernmessige problemstillingane, sjå pkt 1.1 og pkt 6.1. under. Fleirtalet har heller ikkje vurdert om eit slikt register krev særskilt lovheimel, sjå pkt 8.
 - Vi viser her også til prof. dr. juris Tore Bråthen med fleire: Utredning om gjeldsregister i Norge gitt ut 1. april 2008, der det vert påpeika at eit gjeldsregister vil skape interessekonfliktar i høve til personvernomsyn. Dei same problema gjeld framlegget om gjeldsregister i statlege etatar.
- Det danske Datatilsynet er bekymra over kva opplysningar som vert tilført kreditor i den nye danske etaten for innkreving av offentlege krav. Tilsvarande bekymringar vil kome til synes for gjeldsregisteret i den foreslåtte statelige etaten, sjå punkt 8 under.
- Det er berre gitt 1 983 gjeldsordningar i 2006 og det er derfor grunn til å tru at det er få menneskje som vil ha gjeld til fleire offentlege kreditorar (multiskuldnarar), sjå punkt 8 under. Det er derfor eit uforholdsmessig tiltak å samle opplysningar i et gigantisk register om det offentleges krav mot innbyggjarane i landet.
- 39 % av befolkninga meiner at opplysningar om betalingsevne er følsomme, sjå punkt 8 under.

Departementet uttalar i mandatet for utredningen at "Det synes å være et betydelig potensiale for å forbedre den offentlige innkrevingen. (...).(NOU 2007:12, s 10), men:

- Det er ikkje skaffa fram talmateriale som viser omfanget av talet multiskuldnarar.

- I perioden 2004 – 2006 vart det i snitt innvilga ca. 2000 gjeldsordningar kvart år, sjå punkt 6.2 under.
- I utreiinga "gjeldsregister i Norge" gitt til Barne- og likestillingsdepartementet 1. april 2008 vart det konkludert med at eit gjeldsregister berre vil omfatte et lite tal personar og at det derfor var eit lite treffsikkert sosialpolitisk tiltak.
- Det er ikke skaffa fram talmateriale som syner omfanget av tal krav som kan innfordrast på same måte. Det er ikkje gitt at alle krav kan samordnast.
 - Utvalet har ikkje gitt noko estimat på løysingsgraden for dei etatne som vert omfatta av utgreiinga.
 - Ved at løysingsgraden for dei aktuelle etatane ikkje er kjende vil det ikkje være mogleg å estimere provenyvinsten.
 - Skatteetaten, skatteoppkrevjarane og Toll- og avgiftsetaten, som til saman har ca. 95 % av krava, har en løysingsgrad på 99,2 %. Eit resultat som er mellom dei beste i verda.
 - Etter sentraliseringen i Danmark auka dei samla skatterestansane med kr 1,7 mrd, og skattetapet var på ca. 400 mill. kroner

Utvalet hevdar at det ligg føre eit "betydelig potensial" for å betre brukerorientering og rettstryggleik (NOU s 10), men:

- Utvalet har ikkje påvist at innbyggjarane er misnøgde med den offentlege innkrevinga.
- Den høge løysingsgraden for kommunekassarane, Skatteetaten og Toll- og avgiftsdirektoratet – som er nemde over – vitnar om at dei tre etatane kommuniserer godt med brukarane, sjå punkt 7 under.
- Nærheit til innkrevjar er svært sentralt, og av stor betydning særleg for vanskeligstilte skuldnarar. Det blir lite nærheit med berre 5 regionar og eit avgrensa tal etatskontor, sjå punkt 7
- Erfaringar fra Danmark viser at innfordring av krav som rettar seg mot personar og mot verksemdar inneber rett ulik verkemiddelbruk.
- Undersøkelsen utført av Norsk Gallup i 2002 viste at skatteoppkrevjarane fekk svært høg "score" samanlikna med statlige skattekontor.

Fleirtalet i utvalet har også lagt til grunn at det er et potensial for samordningsvinster ved ei oppretting av ein statleg innfordringsetat. Vi er ikkje samde i dette:

- Fleirtalet i utvalet har ikkje teke omsyn til den betydelige samordninga som allereie er etablert innan skatte- og avgiftsområdet, sjå pkt 5
- Utvalget har ikkje på forsvarleg vis vurdert talet multiskuldnarar.
- Etter vårt syn er det svært lite trulig at ei samla innfordring av offentlege krav vil gagne mange skuldnarar, sjå pkt 6.1. Dette er også fremheva i prof. dr. juris Tore Bråthen: Utredning om gjeldsregister i Norge, april 2007, der det vert påpeika at eit gjeldsregister berre vil påverke ein særskilt liten del av befolkninga.

Oppsummering

Ei statliggjering av innkrevinga vil medføre følgjande:

- Sterk sentralisering
- Provenytap både for stat og kommunar

- Innkrevjingsmiljøa i kommunane vert svekka
- Brot i verdikjeda fører til dårlegare brukarorientering
- Kommunale oppgåver vert overført til staten
- Kommunalt sjølvstyre vert redusert
- Betydelege overgangskostnader

Vi kan med dette som bakgrunn ikkje tilrå at konklusjonane til fleirtalet vert føgt opp av Stortinget.